

KONTAKTPERSONAR:

Huset i bygda
Christoffer Knagenhjelm
Mob.: 48004817
E-post: christoffer@ungdomslag.no

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Pål Fidjestøl
Mob. 911 58 009
post@sparebankstiftinga.no

**Sogn og Fjordane
Ungdomslag**

ORGNR. 974805677
WWW.SOFUL.NO
HTTPS://WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

REKKORDMANGA SØKNADER TIL SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Sparebanken Sogn og Fjordane (SFF) er ein sentral støttespelar for aktivitet og utvikling av kulturbygg i Sogn og Fjordane. Sidan 2016 har SFF ved eigaren, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Huset i bygda i fellesskap arbeidd for å løfte fram gode prosjekt og kulturbygg som satsar. På denne måten vil vi bygge under engasjementet og bidra til å auke aktivitetsnivået i dei lokale kulturbygga i Sogn og Fjordane.

Eter at søknadsfristen gjekk ut 15. april i år, kan Huset i Bygda og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane notere rekordhøge søknadstal til støtteordninga for lagseigde kulturhus. I år fekk stiftinga 73 søknadar med samla søknadssum på nesten 8.0 mill. kroner.

I prosent er dette ein søknadsauke på 265 % frå 2017. Auka i totalt søknadsbeløp i same periode er på 230 %. Auka er så stor i år at den overgår både det totale søknadstalet og totale søknadsbeløp etter at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane etablerte ordninga for lokale kulturbygg i 2016.

Pål Fidjestøl uttaler at han er imponert over mengda søknadar og den store variasjonen i kva dei lokale kulturhusa søker tilskot til.

Christoffer Knagenhjelm fortel at det som er felles for alle søknadane er eit dei synleggjer det store behovet lokale kulturhus har når det gjeld rehabilitering og modernisering av husa. Søknadane syner òg at det skjer mykje spennande og at det er høgt aktivitetsnivå i dei lokale kulturhusa i Sogn og Fjordane.

- I søknadsbunken låg det mange gode prosjekt og med den store variasjonen i prosjekta måtte vi gjere nokre vanskelege avvegingar fortel Knagenhjelm. Det er både stor geografisk spreining og skilnad mellom omsøkte tiltak som har fått støtte. I år er det gitt støtte til m.a. renovering av vindauge, golv, dørar og kledning, utbetring av elektriske anlegg, universell utforming, reint vatn og dreneringstiltak for å hindre vasskade på lagseigd kulturhus, fortel Knagenhjelm.



DESSE BYGGA FEKK MIDLAR VÅREN 2018:

Kulturhus	Tilskotssum
Askrova Bygdelag	20 000
Ungdomslaget Fremover/Trudvang	40 000
Stadlandet Ungdomslag/Blikken	70 000
Fjærland Ungdomslag	30 000
Olden Ungdomslag	50 000
Høyvik Grendahus	25 000
Skifjorden bedehus	30 000
Mardal Krins	35 000
Jensbua Kystkultursenter	150 000
Bygstad Samfunnshus	50 000
Totalt	500 000,-

OM SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert hausten 2010, og er saman med Sparebankstiftinga Fjaler eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Gjennom sitt eigarskap i sparebanken har stiftinga ein eigenkapital på nærare 1,8 milliardar og er dermed ein av dei største forretningsstiftingane i landet.

Stiftinga forvaltar store verdiar og har ambisjonar om å verte ein viktig aktør i samfunnsutviklinga i fylket, først og fremst som den dominerande eigaren av den største banken i fylket, men også gjennom utdeling av gåver til allmennyttige formål. Som eigar av banken vil vi få årlege utbytter på våre eigenkapitalbevis, og deler av dette vil gjevast som støtte til lags- og kulturlivet i fylket- i god sparebanktradisjon.

OM SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG OG HUSET I BYGDA:

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Ungdomslagsrørsla, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eit fylkeslag. I fylket har vi i dag underkant av 40 lokallag. SOFUL er bindeledd mellom Noregs Ungdomslag (NU) og desse lokallaga i Sogn og Fjordane.



PRESSEMELDING

22.6.2018

Som del av ein landsdekkjande organisasjon dekker vi frivillig kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift, som til dømes Balestrand Ungdomslag og Fjærland Ungdomslag.

SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediearbeid og anna kulturelt arbeid for å ivareta nynorsk som skriftspråk.

SOFUL etablerte ordninga Huset i Bygda (HiB) i 2010. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle formar for organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik voner SOFUL og HIB å medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar.

